



På post nummer 1 ved Tverrelva var det køtendens, men så inneheldt da også posten ei oppgåve som fleire syntes var lei.....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Idrettslag hadde stor suksess også i år med sykkelrebusen sin 1. mai. Rundt rekna 150 var med og trimma og løyste rebusar "dalen rundt" for tredje gong..

Nokre brukte beina – og to tok seg fram på rulleskøyter! Deltakarlista vart omtrent like lang som i fjor, den inneheldt 47 namn,



Dette var ei av de mindre krevjande oppgåvene...(Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i år vart det eit typisk familiearrangement – mange "storfamiliar" var i aktivitet under eitt startnummer og fekk framifrå trim både for kroppen og hovudet. Det er ingen tvil om at primus motor Cathrine Haugland, som hadde ideen til dette arrangementet, har etablert ein klassikar.



Arrangementet var forbetra frå i fjor på den måten at start-tidspunktet var fleksibelt – frå klokka 11 og utover. Men deltakarane måtte gjera seg ferdig med runden på 5,6 kilometer før 13,45, for eit kvarter seinare kom premieutdelinga.

Karen Pedersen Brede og Ingvill
Myklebust var ikkje i tvil om at det var
Ole Brumm som song "Her
kommer.....en liten bjørn i skogen" (Foto:
Ola Matti Mathisen)

Hege Lekva, leiar av turnguppa, hadde hatt ansvaret for dei 10 oppgåvene denne gongen. Mellom mange relativt lette spørsmål var det også nokre meir krevjande som skilte "klienten frå hveiten". Oppgåvene var todelte, først var det spørsmål med tre alternativ og deretter ein rebus der svara skulle inn i eit diagram med eit løysingsord som sentralt element.

Berre sju av 47 "patruljar" hadde alt rett og tre av desse vart trukke ut som vinnarar: Ingebjørg Haugland, Kari Bråtun og Edvin og Solveig Kjærland. Frå heile deltakarlista vart også Einar Gjertsen med fleire og Gina Berge Soldal trukke ut ut for premiering.

Heldigvis heldt vergudane seg nokonlunde i skinnen under sykkelrebusen og deltakarane fekk ein riktig triveleg tur. Omtrent midtvegs, ved Feet, kunne dei slukke tørsten på ein saftstasjon. Og dei kunne ikkje berre ha samkvem med konkurrentar, dei kunne også helsa på husdyr av alle slag!

Av Ola Matti Mathisen



Linda Jensen og Jaran Jensen Eide ved post nummer 5 der dei kom i djupe tankar då dei vart spurd om namnet på ein bestemt stein.
(Foto: Ola Matti Mathisen).